



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for funksjonshemma</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Lavik Fjordhotell</b>
<b>Møtedato</b>	<b>03.11.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15:00</b>

**Faste medlemmer til stades:** Norunn Lunde Furnes, Solfrid Fossberg, Solfrid Lillebø, Geir

Liavåg Strand

**Forfall til møtet:** Odd Atle Stegegjerdet

**Varamedlemmer til stades:** Randi Rønnekleiv Melvær

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 22. september vart godkjend utan merknader.

I fortsetjinga av møtet i fylkesrådet var Lise Olsmo Oen frå Statens vegvesen og orienterte om krava til universell utforming til ferjer som trafikkerer riksvegnettet. I etterkant var det synfaring på ferja Ampere, der to brukarrepresentantar var med fylkesrådet. Brukarrepresentantane som var med var: Jan Helge Oksholm og Anita Våge. I tillegg var Heidi Sårheim (dagleg leiar for fylkeskontoret Sogn og Fjordane, Norges Blindforbund), med på synfaringa.

Oppsummering frå synfaringa:

- Det var ei lærerik synfaring, der fylkesrådet og brukarrepresentantane vart veldig godt mottekne av mannskapet på ferja. Fylkesrådet fekk inntrykk av at mannskapet var veldig handlekraftig og imøtekommande. Mannskapet ville mellom anna sjå på korleis dei kunne få laga til ledelinjer inne på ferja (for synshemma). Det var oppmerka plassar på ferja for rørslehemma, men mannskapet hadde eit tydeleg budskap om at det måtte kome på plass god nok oppmerking på land for rørslehemma, slik at det vart enklare for mannskapet og plassere desse bilane på riktig stad på ferja.
- For synshemma har fylkesrådet fylgjande kommentarar:
  - Munnleg informasjon over høgtalar (her fekk fylkesrådet informasjon frå mannskapet om at dette var på plass, men at det denne dagen var ute av drift)
  - Det var ikkje blindeskrift nokon stad for viktig informasjon, og informasjonen på informasjonstavla var lite lesbar
  - Taktile oversiktskart mangla. Som eksempel kan det nemnast at alle båtane til Brødrene Aa har taktile kart
  - Frå ferjelemmen og inn på ferja var det ingen ledelinjer
  - Taktile område ved trapp opp frå salongen var dekket med teppe. Teppet vart flytta då mannskapet vart gjort merksam på dette.
  - Det mangla ledelinje oppe på golvet frå tappa og til utgang dekk
  - Fint at rekkverket var måla gult
- For rørslehemma har fylkesrådet fylgjande kommentarar:

- Bordet som var tiltenkt rørslehemma i salongen, var ikkje funksjonelt utforma ved at det ikkje var mogleg å komme heilt inntil bordet med rullestol
- Rommet som var berekna som handicapttoalett var for lite, og toalettet var feil plassert. Største avstand frå toalett til utgangsdør var 1,46 m, og avstand mellom samanslått stellebord og vask 1,03 m. Det å få igjen døra til handicapttoalettet virka greitt når ferja var i ro, men ved litt meir sjøgang vil det vere vanskeleg å få opp døra, og lukke den igjen. Her bør det vere elektrisk dør (jf. ferje som trafikkerer Anda – Lote).
- I inngangen som var berekna for gåande/rullestol for dei som ikkje tek bil om bord, var det ein slange som låg på dekket, slik at det ikkje var høve å komme seg inn den døra med rullestol. Det vart opplyst frå mannskapet at dette ikkje var ein slange som låg ute på dekk heile tida.
- Det vart stilt spørsmål frå brukarrepresentant om det hadde vore øving på ferja, der funksjonshemma hadde vore med på øvinga. Det har ikkje vore øving med funksjonshemma tilstades, men mannskapet hadde ønske om at det vart øving der funksjonshemma kunne vere med, for å få til ei reell øving. Jan Helge Oksholm sa han stilte seg til disposisjon for å vere med på ei slik øving.
- Andre moment
  - Mangelfull merking på bildekk for kor det var evakueringsstasjonar
  - «Snubleområde» ved inngang/utgang (ved at det var ein liten forhøgning). Det var forslag om å male starten/overgangen på dette området gult, for å varsle
  - I kiosken stod kaffitrakter plassert langt ut på disken, slik at det kan vere risiko for synshemma, born, etc. å komme borti ved eit uhell
  - Fargevalet i salongen gjer at kvite vegger og lyst golv går i eitt med dei lyse møblane. Det er viktig med kontrast på tekstil. Fylkesrådet merka seg som positivt at mannskapet hadde måla kontrastfarge på golvlister og dørlistene

Oppsummeringa frå synfaringa vert sendt til Lise Olsmo Oen frå Statens vegvesen, og til ferjemannskapet på Ampere som var med på synfaringa.

### **Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

#### Meldesak 1 Oppsummering frå SOR-konferansen 22. – 23. oktober 2015

Det var ikkje nokon av deltakarane som hadde høve å møte på denne konferansen.

#### Meldesak 2 Resolusjon frå FFO-årsmøtet 22. august 2015 – Mobbing er uakseptabelt

«FFO ynskjer å støtte arbeidet for eit inkluderande arbeids- og organisasjonsliv. Omsorg for individet og rettane individet har til skuleplass og opplæring på like vilkår står òg sentralt i dette. Mobbing har i mange år vore eit tema i samfunnsdebatten. Alle har rett til ein mobbefri kvardag. I opplæringslova er dette poengtert: *eivar skal handsamast med tillit og respekt.*

FFO oppfordrar til haldningsskapande aktivitet. Menneske med nedsett funksjon er særleg utsette. FFO sitt mål er å motverke trakassering og utstøyting av menneske i alle samanhengar, både på lokalt og nasjonalt nivå. Som medmenneske må vi lære oss respekt for kvarandre. Ta ansvar og sei i frå!

Mobbing og utstøyting har negativ innverknad på fysisk og psykisk helse. Det råkar både offer og familie (og vert til sist kostbart for samfunnet). Vi etterlyser ein god og konkret nasjonal plan snarast. FFO ynskjer eit samfunn der alle skal kunne delta. Ingen skal kjenne seg utstøytte».

#### Meldesak 3 Brev frå Pensjonistforbundet, FFO og SAFO

I brevet skriv dei at eldre og funksjonshemma er best tjent med kvart sitt råd, og oppfordrar difor alle kommunestyre og fylkesting til å ikkje opprette felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyre og fylkesting som likevel vurderer felles råd, må involvere eldre og funksjonshemma sine organisasjonar, og kun vedta felles råd om begge gruppene sine organisasjonar samtykker.

#### Meldesak 4 Svar på brev – brev sendt til fylkesrådmannen 22. september 2015

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sendte brev til fylkesrådmannen 22. september 2015, der dei bad fylkesrådmannen om å følgje opp avdelingane, slik at dei sender og deler saker som kan vere aktuelle for fylkesrådet.

Fylkesrådmannen tok dette opp i leiargruppa si den 5. oktober 2015, og det vart konkludert med fylgjande:

- For saker som er planlagt i 2016, vert det diskutert i leiargruppa kva av sakene som det er aktuelt å sende til fylkesråda for informasjon og uttale
- Møta i fylkesråda vert planlagt i forkant av fylkestinga, slik at fylkesråda får høve til å sende uttale til fylkestinget

#### Meldesak 5 Brev frå Norges Parkinsonforbund

Landsmøtet i Norges Parkinsonforbund krev at det vert etablert tverrfaglege parkinsonteam for å sikre at primærhelsetenesta har naudsynt kunnskap og kompetanse til å ivareta menneske med parkinson på ein tilfredsstillande måte.

#### Meldesak 6 Ymse

- Det er ny kontaktadresse for FFO i Sogn og Fjordane: [ffo.sfj@gmail.com](mailto:ffo.sfj@gmail.com) og ny kontaktperson: Tone Sandvik
- Sekretær informerte om at det er kome inn oversikt frå kontaktperson i Sogndal United og frå Askvoll kommune, om temaet «Fritid for alle». Sekretær informerer det nye fylkesrådet om arbeidet/oversikta.
- Oppsummering av kva fylkesrådet har hatt fokus på i denne fireårsperioden:
  - Det har vore brukt mykje tid på temaet «Arbeid for alle», der fylkesrådet har vore rundt til ulike bedrifter, og fått informasjon om bedriftene og kva dei har som samfunnsoppdrag
  - Møte med nokre kommunale råd i starten av perioden
  - Studieturen til Nederland var lærerik
  - Viktig å få oversikt over kva som er av utfordringar, og av eventuelle tiltak og tilpassingar



**SAK 10/15 Møtedatoar 2016 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Frå sekretær låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Møteplan for 2016 vert vedteken slik den ligg føre:

4. februar 2016  
13. april 2016  
2. juni 2016  
15. september 2016  
24. november 2016

**Endringsframlegg:**

Det vert gjort eventuelle endringar i datoane, når møtedatoar for hovudutvala, fylkesutval og fylkesting er vedteken, og når dei nye politiske medlemene i fylkesrådet er kjent.

**Avrøysting:**

Einstemmig

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Møteplan for 2016 vert vedteken slik den ligg føre:

4. februar 2016  
13. april 2016  
2. juni 2016  
15. september 2016  
24. november 2016

Det vert gjort eventuelle endringar i datoane, når møtedatoar for hovudutvala, fylkesutval og fylkesting er vedteken, og når dei nye politiske medlemene i fylkesrådet er kjent.

-----

**SAK 11/15 Årsmelding 2015 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - utkast pr. 03.11.15**

**Forslag til vedtak av fylkesrådet:**

1. Årsmelding 2015 vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møtet den 3. november
3. Fylkesrådet ber administrasjonen legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Dette gir følgjande vedtak:**

1. Årsmelding 2015 vert godkjent
  2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møtet den 3. november
  3. Fylkesrådet ber administrasjonen legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen.
- 

**SAK 12/15      Skriv og meldingar 2015 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 3. november**

**Tilråding til vedtak:**

- 1) Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
- 2) Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1) Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
  - 2) Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.
-